



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8824 - 23/38427

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
18.05.2023

## Forberedende klagebehandling - gbnr 102/47 Vabø

Saka gjeld søknad om tilbygg og uthuds til fritidsbustad.

Det vart gjeve løyve i vedtak saksnr. 078/22 datert 30.05.2022.

Det vert klaga på sakshandsaminga rundt vedtaket. Klagar meiner at gebyret skal bortfalle som følgje av overskrida sakshandsamingstid.

Klagar viser til at det tok 15.9 veker frå søknaden blei sendt inn til det meldt om at søknaden var mangelfull, deretter 11,1 veker frå søknaden blei supplert med tilleggsopplysningar til saka blei avgjort. Totalt 27 veker sakshandsaming.

Delar av søknaden gjaldt dispensasjon frå storleikskravet knytt til uthus i Disposisjonsplan Del av Væbø (1263-0701971). Reguleringsplanen tillate uthus inntil 20m<sup>2</sup>. Klagar søkte om anneks (med dispensasjon frå storleikskravet for uthus).

I mangelbrevet gjorde kommunen søkjar oppmerksom på at Kommuneplanen for Lindås pkt. 3.1.2 bestemte at det ikkje kunne førast opp uthus på eigedommen, og at det måtte søkjast dispensasjon frå forbodet mot anneks i kommuneplanen pkt. 13.1.2.

Klagar endra søknaden frå anneks til uthus, og søkte heller dispensasjon frå storleikskravet knytt til uthus i Disposisjonsplan Del av Væbø (1263-0701971).

Klagar vis til at kommunen ikkje gjorde klagaren oppmerksom på at det ikkje var tillate med anneks på eigedommen allereie då det ble hold førehandskonferanse.

### Vurdering:

Det følgjer av pbl. § 21-7(1) at søknader skal avgjerdas innan tolv veker frå det føreligg ein «fullstendig søknad». Er det ikkje sendt inn opplysningar som vurderast som naudsynte og relevante for kommunens handsaming, vil fristen ikkje ha begynt å løype. I følgje SAK10 § 5-4(3) bokstav k er «behov og grunnlag for dispensasjon» ein slik opplysning.

Det er rett at mangelbrev ble sendt ut etter 109 dagar, noko som utgjør ca. 15,6 veker. I denne tida ligg derimot søknaden 4 veker på høyring hos offentleg mynde. Sakshandsamingstida er derfor 12+4 veker. Mangelbrevet blir derfor sendt ut innan handsamingsfristen.

Mangelen i saka var at det mangla dispensasjon i saka. Ein slik mangel er vesentleg, og tida har formelt aldri starta ettersom saka ikkje var komplett.

Søknaden vert handsama innan 12 veker etter at søknaden blei supplert og vurdert som «fullstendig», og fører difor etter kommunens vurdering ikkje til gebyrtap.

Kommunen er sams med at det ikkje ligg føre ein god sakshandsaming, men det er likevel ikkje grunnlag for gebyrreduksjon.

Under førehandskonferansen presenterte klagar tiltaket for kommunen. Annekset var eit av tiltaka som blei presentert, men ikkje det einaste. Det var uheldig at både kommunen og ansvarleg søkjar oversåg at det var eit forbod mot anneks i den overordna kommuneplanen. Kommunen kan dessverre aldri sikre seg fullstendig mot slikt, og det vil alltid vere ein risiko for at noko ikkje blei oppdaga under førehandskonferansen.

Hensikta med førehandskonferansen er å avklare tiltakets forutsetningar og rammene for vidare handsaming, og er ikkje meint å binde kommunens handsaming. Det visast elles til Direktoratet for byggjekvalitet sin rettleiing til SAK10 6-1 (5):

I forhåndskonferansen skal kommunen informere om rammebetingelser som vil være aktuelle å legge til grunn i prosjektet. Konferansen skal ha et uforpliktende preg og partene skal kunne uttale seg på fritt grunnlag. Kommunen vil ikke i forhåndskonferansen kunne binde opp myndighet i forhold til den videre saksbehandlingen.

Slik kommunen kan sjå vert det elles gitt riktige opplysningar om øvrige delar av tiltaket og søknadsprosessen.

Etter vår vurdering har det ikkje kome inn moment i klagen som tilseier at gebyret skal bortfalle.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Sakshandsamingstida hos statsforvaltaren er 12 veker

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på saksbehandlingstid ved sak - gbnr 102/47 Vabø

Klage på saksbehandlingstid ved sak 07822, ref218824-2258880

**Vedlegg:**

Kopi av ordre 6816

Fakturagrunnlag - gbnr 102/47 Vabø

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 102/47 Vabø

Søknad om rammeløyve og dispensasjon for tilbygg fritidsbustad - gbnr 102/47 Vabø

8\_\_Følgeskriv -Rammesøknad med Dispensasjon\_Vabø\_Lyngbu.pdf

Referat fra forhåndskonferanse - gbnr 102/47 Vabø

**Kopi til:**

Terje Bjørge

Hesjakollen 40

5142

FYLLINGSDALEN

Utmark Arkitektur AS

Bellgården 1

5003

BERGEN

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER